

Cato Plettens Minnefond  
Stifta 11. jan. 1993

Til lag og organisasjonar i Radøy.

5938 SÆBØVÅGEN, januar 2016.

Me minner lag og organisasjonar om høve til å søkja om stipend frå

**CATO PLETTENS MINNEFOND**

I vedtekten § 2 heiter det:

*"Av fondet sin avkastning skal styret kvart år dela ut stipend til ein eller fleire unge talent, busett i Radøy kommune og 17 år eller yngre i tildelingsåret, innanfor dei kulturaktivitetar som er i Radøy kommune. Som talent er i denne samanheng meint både utøvar og administrator/leiar innanfor ein kulturaktivitet.  
Kvart stipend skal vera på mellom kr. 2.000,- og 5.000,-, alt etter styret sitt skjønn.  
Kandidaten skal nytta stipendet til vidareutvikling av sitt talent. Det skal sendast rapport om korleis stipendet er nytta til fondstyret innan 1 år etter tildelinga."*

Sidan starten i 1993 har fondet delt ut i alt kr. 81.000 til unge talent i Radøy kommune.

Både organisasjonar og enkeltpersonar kan koma med forslag på kandidatar. *Forslaga må innehalda navn på kandidaten, grunngjeving av forslaget og navn på forslagsstiller.*

Frist for innsending av forslag er **fredag 01. april 2016.**

Send ditt forslag til Ordførar Jon Askeland, c/o Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER, innan fristen 01. april.

Du kan og nytta e-post: [jon.askeland@radoy.kommune.no](mailto:jon.askeland@radoy.kommune.no)

På førehand takk.

Med helsing  
for  
Cato Plettens Minnefond

  
Jostein Skræmestø  
Forretningsførar

**NB!**

*Dersom brevet er komen til feil adressat i Dykkar organisasjon, ber me Dykk vera gild å formidla det vidare til rette vedkommande.*